



MØTEBOK ULLENSVANG FJELLSTYRE

Tidspunkt: Tysdag 25. februar 2020 kl. 1800-2130

Stad: Rådhuset i Odda

Desse møtte: Johnny Vikne, Jan Asbjørn Utne, Jarle Rasmussen, Synnøva Sæbø, Hildegunn Espe

Andre til stades på møtet: Olav Johanson, Britha Sandal, Steinar Lund (sekretær)

Saker til styremøtet:

UFS 03/20: Orientering

UFS 04/20: «Drift av hyttene»

UFS 05/20: Rekneskap 2019

UFS 06/20: Årsmeldingar 2019

UFS 07/20: Brannteknisk dokumentasjon for fjellstyrehyttene

UFS 08/20: Fastsetjing av satsar for godtgjerse

UFS 09/20: Fastsetjing av prisar for 2020

UFS 10/20: Val av vararepresentant til styret i Fjellstyra på Hardangervidda as

UFS 11/20: Søknad om tilskot til bok om Litlos

UFS 12/20: Budsjett 2020

UFS 13/20: Møteplan 2020

UFS 14/20: Eventuelt

Johnny Vikne /s/

Jan Asbjørn Utne /s/

Hildegunn Espe /s/

Jarle Rasmussen /s/

Synnøva Sæbø /s/

Kopi til:

Fjellstyremedlemmer

Varamedlemmer

Fjellstyra på Hardangervidda as

Norges Fjellstyresamband

Fjellstyra kring Hardangervidda

Statskog

Ullevang kommune

Hardanger Folkeblad



UFS 03/20: Orientering

Saksdokument:

Postliste:

- 2019.11.01-035.2 Ullensvang herad-Ferdigattest naustet Nedsta Krokavatnet
- 2019.11.14-100 Ullensvang Rekneskap - Infoskriv om nytt lønssystem
- 2019.11.14-137. Ullensvang fjellstyre - Etterspurnad meir informasjon om søknad om støtte
- 2019.11.19-642.2. Eidfjord fjellstyre - Utkast avtale om garnfiske i Eidfjord statsallmenning sør for midtlina i Nordmannslågenvassdraget
- 2019.11.22-137 DNT - Ettersending informasjon til søknad
- 2019.11.25-434 Ullensvang fjellstyre -Søknad om løyve til motorferdsel i perioden 2020-2023
- 2019.12.02-011.1 Fjellstyresambandet - Kurs for nyvalde fjellstyre
- 2019.12.06-372 Statkraft - Indeksregulering av årleg erstatning gnr. 155 bnr. 1
- 2019.12.09-145.9 Ullensvang fjellstyre - Utbetalingsanmodning
- 2019.12.17-612.2 Fjellstyresambandet - Rapportering elg- og hjortejakt 2019
- 2019.12.18-642.2 Ullensvang fjellstyre - Avtale om garnfiske i Eidfjord statsallmenning sør for midtlina i Nordmannslågenvassdraget
- 2019.12.20-621.0 Fjellstyresambandet - Høyring - Kvalitetsnorm villrein
- 2019.12.20-642.2 Eidfjord fjellstyre - Signert avtale om garnfiske i Eidfjord statsallmenning sør for midtlina i Nordmannslågenvassdraget
- 2019.12.27-145.4 Statskog - Sluttutbetaling sikringsarbeid Raudåna
- 2020.01.01-612.2 Ullensvang fjellstyre - Fellingsrapport 2019
- 2020.01.03-152 Gjensidige - Forsikringsdokument 2020
- 2020.01.07-010 Ullensvang fjellstyre - Påmeldingsslipp kurs nye fjellstyrer 12-13 februar 2020
- 2020.01.10-145.9 Kulturdepartementet - Utbetaling spelemidar naustet
- 2020.01.23-011.1 Ullensvang kommune - Val av Ullensvang fjellstyre 2020-2023
- 2020.01.24-011.1 Statskog - Vedrørende krav om utvidet fjellstyre for Ullensvang statsallmenning
- 2020.01.24-032 Ullensvang kommune - Tilskot til husleige 2019
- 2020.02.14-010 Ullensvang fjellstyre - Uttale til krav om forsterka fjellstyre
- 2020.02.15-434 Fjellstyresambandet - Vidaresending av forslag til endring i motorferdsellov
- 2020.02.17-621.0 Fjellstyresambandet - Høyringsuttale om kvalitetsnorm for villrein

Saksutgreiing:

Det blir ei orientering ved sekretær om aktivitet i fjellstyret sidan førre møte, og ein gjennomgang av hytter, båtar, jakt, fiske med meir.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak

**Referat:**

Gjennomgang ved sekretær.

Vedtak (sak UFS 03/20):

Fjellstyret tek orienteringa til vitande.

UFS 04/20: «Drift av hyttene»**Saksdokument:****Saksutgreiing:**

Fjellstyret må ta stilling til korleis «drift» av fjellstyrehyttene skal organiserast. Det er to system som skal slåast saman til eitt, og det er eit større omfang i form av tal hytter og tenestekjøp enn tidlegare. Fjellstyret må finne sin måte å organisere dette på.

Dei to fjellstyra kom med innspel til det nye fjellstyret i deira siste fjellstyremøte i fjor. Innspela handlar ikkje berre om drift av hyttene, men alle innspela er ført opp under til orientering.

Innspel frå Odda fjellstyre:

Odda fjellstyre ynskjer at det nye fjellstyret jobbar for å oppretthalde dugnadsarbeidet, som fungerer godt i dag. Fjellstyret ynskjer at det blir oppretta hyttestyre for Belebu og Bjørnavassbu. Dette kan til dømes vere to personar for kvar hytte som organiserer dugnadsarbeidet. Fjellstyret foreslår dei som har vore mest sentrale i dugnadsarbeidet dei siste åra – Arvid Svåsand og Jarle Rasmussen for Bjørnavassbu, og Britha Sandal og Mariann Nordstoga Berge for Belebu.

Innspel frå Ullensvang fjellstyre:

Det nye fjellstyret blir oppmoda om å prioritere fylgjande tiltak:

- 1. Oppsynshytta Raudåna – ta stilling til om det skal gjerast utbetringar på bygget, eller om det bør byggast nytt*
- 2. «Trivseltiltaksapakke» for å legge til rette for auka bruk av hyttene, fiskeressursane med meir:*
 - Fjellstyret sine båtar – få status over båtane, byte ut dei som ikkje er i god nok stand
 - Tiltak for å auke interessa for fiske:



organisert tur for folk som ikkje har erfaring og kunnskap om fiske og fjellet
tiltak for å gjera det enklare å ta vare på fangsten – som til dømes røykeovn ved hyttene
ha garn tilgjengeleg for utlån

- Innkjøp av bålpanne til alle hyttene
- Lavvo i Grøndalen - vurdere å kjøpe ny lavvo og halde fram med å ha ein lavvo ståande i Grøndalen

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Fjellstyret ynskjer at det blir oppretta to hyttestyre, eit for hyttene i sør, og eit for hyttene i nord. Jarle Rasmussen og Jan Asbjørn Utne lagar utkast til retningslinjer til neste møte.

Fjellstyret ynskjer at sekretær skriv ein søknad om midlar til tiltak som fremjar fisket. Aktuelle tiltak er innkjøp av påhengsmotor til utleige, garn til utleige, nye båtar som erstatning for båtar som må bytast ut, gasskjøleskap til oppbevaring av fisk, utstyr for å laga rakfisk. Det skal søkast om midlar hjå aktuelle gåvefond, i fyrste omgang Kvinnheradstiftinga med frist 3. mars. Utkast til søknad blir sendt ut til styret.

Vedtak (sak UFS 04/20):

Jarle Rasmussen og Jan Asbjørn Utne lagar utkast til retningslinjer for hyttestyre til neste møte.

Sekretær lagar eit utkast til søknad om midlar til tiltak som fremjar fisket.



UFS 05/20: Rekneskap 2019

Saksdokument:

- 05-20 Resultat Ullensvang fjellstyre 2019
- 05-20 Balanse Ullensvang fjellstyre 2019
- 05-20 Kontospesifikasjon Ullensvang fjellstyre 2019
- 05-20 Resultat Odda fjellstyre 2019
- 05-20 Balanse Odda fjellstyre 2019
- 05-20 Kontospesifikasjon Odda fjellstyre 2019
- 05-20 Resultat Fellesstyret 2019
- 05-20 Balanse Ullensvang fjellstyre 2019
- 05-20 Kontospesifikasjon Fellesstyret 2019

Saksutgreiing:

Resultatet for 2019 viser eit overskot for alle tre fjellstyra:

Odda fjellstyre: 181.549,87,-

Ullensvang fjellstyre: 838.950,37,-

Fellesstyret: 8.379,89,-

Rekneskapen er sendt til revisor, men revisjonen er ikkje gjennomført enno. Rekneskapen må godkjennast med atterhald om godkjenning frå revisor.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Kort gjennomgang av rekneskap for 2019. Nokre spørsmål til enkelte punkt.

Vedtak (sak UFS 05/20):

Fjellstyret godkjenner rekneskapen med atterhald om godkjenning frå revisor.

Samrøystes vedteke.



UFS 06/20: Årsmeldingar 2019

Saksdokument:

- Utkast årsmelding Ullensvang 2019
- Utkast årsmelding Odda 2019
- Utkast årsmelding Fellesstyret 2019

Saksutgreiing:

Utkast til årsmeldingar ligg vedlagt saka.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Kort gjennomgang av utkast til årsmeldingar. Det blei kommentert at prosessen fram mot samanslåing av fjellstyra kunne vore nemnt.

Vedtak (sak UFS 06/20):

Fjellstyret vedtek årsmeldingane for 2019.



UFS 07/20: Brannteknisk dokumentasjon for fjellstyrehyttene

Saksdokument:

- 07-20 Brannteknisk dokumentasjon for Ullensvang fjellstyre

Saksutgreiing:

Fjellstyra på Hardangervidda as har tidlegare vedteke å lage felles malar for brannvernarbeidet for alle fjellstyra på Hardangervidda. Dette er gjort, og det er utarbeida brannteknisk dokumentasjon for alle fjellstyrehyttene.

Det er ynskjeleg at fjellstyret tek denne opp til handsaming på møtet.

Framlegg til vedtak:

Ullensvang fjellstyre tek orienteringa til vitande og godkjenner framlagd Brannteknisk dokumentasjon for Ullensvang fjellstyre.

Referat:

Brannteknisk dokumentasjon blei gått gjennom. Det kom fyljande merknadar til dokumentet, som blir vidareformidla til dagleg leiar i Fjellstyra på Hardangervidda as

- Planen manglar røykvarslar i gangen på Bjørnavassbu og naustdelen i naustet ved Nedsta Krokavatnet
- Manglar plan for turlaget sitt rom i Langavassbu
- Vurdere brannvern i avlåst rom tilhøyrande Hydro i Ullsbu
- Punktet om vedkasse med lok i risikoanalysen: Manglar på dei aller fleste hyttene – blir teke opp med dagleg leiar om dette punktet skal vere med i planen, og då fyljast opp
- Manglar punkt om brann i batteri og brann i samband med lading av diverse utstyr. Behov for eit slikt punkt bør vurderast
- Vurdere røykvarslar/brannvern i rom med batteri/laderegulator

Vedtak (sak UFS 07/20):

Ullensvang fjellstyre tek orienteringa til vitande og godkjenner framlagd Brannteknisk dokumentasjon for Ullensvang fjellstyre. Merknadane som kom fram på møtet blir vidareformidla til dagleg leiar i FH as.

Samrøystes vedteke.



UFS 08/20: Fastsetjing av satsar for godtgjersle

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Godtgjersle til styret er heimla i fjellova § 7. Godtgjersla vert fastsett av kommunestyret etter framlegg frå fjellstyret.

Fjellstyra hadde fyljande godtgjersle i perioden 2016-2019:

Ullensvang fjellstyre:

- 600,- pr. møte, uavhengig av om det er korte eller lange møte
- Reiser og tapt arbeidsforteneste: Fylgje reglane og satsane for folkevalde i Ullensvang herad.
- Godtgjersla til leiar 12.500,- pr. år
- Godtgjersla til nestleiar 10.000,- pr. år
- For møte utanfor fjellstyret der fjellstyremedlemmer representerer fjellstyret får medlemmene dekkja tapt arbeidsforteneste i tråd med reglane for folkevalde i Ullensvang herad.

For Fellesstyret gjeld dei same satsane (600,- pr møte), reise og tapt arbeidsforteneste som dei folkevalde i Ullensvang herad.

Odda fjellstyre:

- 600,- pr. møte
- Godtgjersle leiar: 12.000,-
- Porto/telefon leiar: 3.000,-

Odda fjellstyre hadde i tillegg honorar til sekretær (6.000,-) og kasserar (3.000,-) fram til tilsett i Fjellstyra på Hardangervidda overtok desse oppgåvene.

Vurdering:

Sekretær overlet til fjellstyret å kome med framlegg til vedtak om satsar for godtgjersle, men ynskjer å kommentere nokre punkt:

Møtegodtgjersle:

Det hender at det er naudsynt å ha eit fjellstyremøte på kort varsel, og då kan det bli gjennomført på telefon eller e-post. Fjellstyret bør ta stilling til om det skal vere til dømes halv godtgjersle for telefonmøte/e-postmøte.

Dekka tapt arbeidsforteneste:

Fjellstyra har som regel lagt fjellstyremøta til kveldstid, slik at det ikkje er aktuelt å dekke tapt arbeidsforteneste for fjellstyremøte. For andre møte der fjellstyremedlemmer representerer fjellstyret har Ullensvang fjellstyre og Fellesstyret dekkja tapt arbeidsforteneste. Dette gjeld til dømes møte i FH as og kurs for nyvalde fjellstyre. Dersom fjellstyret ynskjer ei ordning med dekkja tapt



arbeidsforteneste er det naturleg å ha tilsvarende reglar for udokumentert tap som Ullensvang kommune har for folkevalde - Udokumentert tap vert dekket med kr. 250,- per time, med inntil 1000,- per dag.

Eit alternativ til å dekke tapt arbeidsinntekt er å ha møtegodtgjersle både for fjellstyremøte og andre møte (som til dømes styremøte i FH as, kurs for nyvalde fjellstyre osv) der fjellstyremedlemmer representerer fjellstyret.

Praksis rundt dekket utgifter for dugnadsarbeidet i fjellet:

Ullensvang fjellstyre har hatt km-godtgjersle etter statens satsar for bruk av bil og skuter i samband med dugnadsarbeid i fjellet. Odda fjellstyre har ikkje hatt km-godtgjersle, men det har blitt kjøpt inn bensin til skutertransporten på fjellstyret sin rekning. Begge fjellstyra har hatt praksis med at det blir kjøpt inn mat på fjellstyret sin rekning til dugnadsarbeidet.

Sekretær tilrår at fjellstyret gjer ei vurdering av retningslinjene for dekking av utgifter til dugnadsarbeid i fjellet. Dette må vere ei ryddig ordning.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Det var semje om å koma med framlegg om fyljande godtgjersle for fjellstyret:

Møtegodtgjersle 600,- for fjellstyremøte og andre møte der fjellstyremedlemmer representerer fjellstyret. Dekket tapt arbeidsforteneste etter Ullensvang kommune sine satsar og reglar for udokumentert tapt arbeidsinntekt.

Godtgjersle til leiar: 15.000,-

Reisegodtgjersle etter statens regulativ

Dekket utgifter for dugnadsarbeid i fjellet:

Reisegodtgjersle etter statens regulativ for bruk av bil og skuter.

Dekking av matutgifter: Kjøper inn mat på fjellstyret sin rekning.

Vedtaket (sak UFS 08/20):

Ullensvang fjellstyre kjem med fyljande framlegg til godtgjersle for fjellstyret:

Møtegodtgjersle 600,- for fjellstyremøte og andre møte der fjellstyremedlemmer representerer fjellstyret. Dekket tapt arbeidsforteneste etter Ullensvang kommune sine satsar og reglar for udokumentert tapt arbeidsinntekt.



Godtgjersle til leiar: 15.000,-

Reisegodtgjersle etter statens regulativ

Utgifter for dugnadsarbeid i fjellet blir dekkja på fyljande måte:

Reisegodtgjersle etter statens regulativ for bruk av bil og skuter.

Dekking av matutgifter: Kjøper inn mat på fjellstyret sin rekning.

Samrøystes vedteke.

UFS 09/20: Fastsetjing av prisar for 2020

Saksdokument:

- [Forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning \(berre som lenkje\)](#)
- 09-20 Oversikt over prisar og prisramme

Saksutgreiing:

Fiske

Prisane for stongfiskekort på Ullensvang statsallmenning er på prisramma, og det er difor ikkje rom for å auke prisane for 2020. Sekretær ser det heller ikkje som aktuelt å redusere prisane.

Fellesfiskekortet gjeld for Ulvik statsallmenning, Eidfjord statsallmenning, Ullensvang statsallmenning og Røldal statsallmenning. Fastsetjing av pris må difor gjerast i samråd med dei andre fjellstyra. Dei gjeldande prisane blei justert i 2018. Sekretær vurderer prisane til å harmonere bra med prisane for fiskekort på kvar enkelt statsallmenning, og tilrår difor ikkje at det blir gjort endringar i prisane.

Fiskekort garnfiske (for innanbygdsbuande)

Garnfiskekortet er berre tilgjengeleg for innanbygdsbuande. Dette kortet gjeld alt fiske, dvs. fiske med garn, oter og stong. Garnfiskekortet har alltid vore svært rimeleg. Fram til 2017 var prisen 150,- for vekeskort og 300,- for sesongkort, før det blei endra til gjeldande prisar frå og med 2018. Rimelegare pris for innanbygdsbuande er eit fornuftig prinsipp, som blir nytta på både jakt- og fiskekort. Det bør likevel ikkje vere for låge prisar for garnfiskekortet. Dette kortet gir tilgang til meir fiske enn stongfiskekortet, og det kan argumenterast med at prisane bør liggje nærare prisane for



stongfiskekortet. Det blir tilrådd å endre prisane til 300,- (20% auke) for vekeskort og 480,- (20% auke) for sesongkort.

Vekeskort garnfiske utanbygds

Det blir tilrådd å auke prisen, tilsvarande som for garnfiskekort for innanbygdsbuande, frå 550,- til 600,-.

Småviltjakt

Prisane for småviltjakt ligg noko under prisramma. Det er naturleg med tanke på kor utilgjengeleg området er, særskilt for jakt seinhaustes og i vintermånadane. Oversikt over sal av jaktkort på småvilt i 2019 viser at dei aller fleste kjøper dagskort eller vekeskort, medan svært få kjøper sesongkort (tabell 5).

Blant utanbygdsbuande er det eit stort fleirtal som kjøper dagskort (87% av jegerane). Dette kjem nok at dei aller fleste jaktar nokre få dagar knytt til ei helg. Ei oversikt over kor mange dagskort kvar av jegerane har kjøpt viser at 10 jegerar har berre kjøpt eit dagskort, medan dei fleste har kjøpt for to dagar (26 stk), og nokre har kjøpt for tre og fire dagar (tabell 2).

Tabell 1. Oversikt over sal av småviltjakt i 2019.

Jaktkort Småvilt	Selde kort	Netto omsetnad
Dagskort innanbygdsbuande i Ullensvang og Odda	15	1312,5
Dagskort utanbygdsbuande	129	22575
Vekeskort innanbygdsbuande i Ullensvang og Odda	12	5250
Vekeskort utanbygdsbuande	14	12250
Sesongkort utanbygdsbuande	5	8750
SUM	175	50137,5

Tabell 2. Tal dagskort kjøpt per utanbygdsbuande jeger i 2019.

Tal dagskort kjøpt per jeger	Jegerar
1	10
2	26
3	8
4	11

Det er eit potensiale for å auke omsetninga for småviltjakt ved å auke prisen for dagskort. Sekretær tilrår å auke prisen for dagskort for innanbygdsbuande til 125,-, og for utanbygdsbuande til 250,-. Dette gir ein auke i inntektene frå jegerane som berre brukar nokre få dagar på jakta, samtidig som det framleis er snakk om små summar for jegerane det gjeld.



Villreinjakt

Det er usikkert kor stor kvota blir i 2020, og kva kategori dyr som skal fellast. Sekretær tilrår difor at fastsetjing av pris på reinskorta blir utsett til neste møte.

Hytteleige

Dei to fjellstyra har hatt ulike måtar å drive utleige av hyttene på. Prisane har og vore ulike. Det er naturleg å samkøyre prisane for alle hyttene. Odda fjellstyre har hatt høgare pris for utanbygdsbuande, medan Ullensvang fjellstyre ikkje har hatt det.

Det er naudsynt med ein gjennomgang av utleigeordninga før sesongen. Pris heng til ein viss grad saman med dette. Det er til dømes ikkje mogleg å ha ulik pris for innanbygdsbuande og utanbygdsbuande i den utleigeordninga som Ullensvang fjellstyre har brukt.

Sekretær tilrår at fastsetjing av prisar for hyttleige blir teke opp på neste fjellstyremøte i samanheng med fastsetjing av utleigeordning for 2020.

Framlegg til vedtak:

Ullensvang fjellstyre vedtek fyljande prisar for fiske og småviltjakt i 2020 (endringar er utheva):

Fellesfiskekortet		
Vekeskort		kr 500
Sesongkort		kr 1 000
Fiskekort Ullensvang statsallmenning		
Stongfiske		
Døgnkort		kr 100
2-døgnskort		kr 175
3-døgnskort		kr 250
Vekeskort		kr 350
Sesongkort		kr 700
Garnkort		
Vekeskort		kr 300
Sesongkort		kr 480
Vekeskort utanbygdsbuande		kr 600
Småviltjakt	Innanbygdsbuande	Utanbygdsbuande



Dagskort	kr 125	kr 250
Vekeskort	kr 500	kr 1 000
Sesongkort	kr 1 000	kr 2 000
Småroviltkort - sesong	kr 100	

Vedtaket er gjort med heimel i fjellova §§ 25 og 29.

Referat:

Jarle Rasmussen kom med framlegg om å innføre eit sesong-familiekort (ektepar, sambuarpar og einslege) m/born under 20 år på garnfiske, jf. § 6 punkt 2 i forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning. Styret slutta seg til dette.

Det var semje om å gjere fyljande endring i prisar:

	Gamal pris	Ny pris
Garnkort		
Vekeskort	250	300
Sesongkort	400	450
Familiekort sesong		500
Vekeskort utanbygdsbuande	550	600
Småviltjakt dagskort innanbygdsbuande	100	125
Småviltjakt dagskort utanbygdsbuande	200	250

Vedtak (sak UFS 09/20):

Ullensvang fjellstyre vedtek fyljande prisar for fiske og småviltjakt i 2020 (endringar er utheva):

Fellesfiskekortet		
Vekeskort	kr 500	
Sesongkort	kr 1 000	
Fiskekort Ullensvang statsallmenning		



Stongfiske		
Døgnkort		kr 100
2-døgnskort		kr 175
3-døgnskort		kr 250
Vekeskort		kr 350
Sesongkort		kr 700
Garnkort		
Vekeskort		kr 300
Sesongkort		kr 450
Familiekort sesong		kr 500
Vekeskort utanbygdsbuande		kr 600
Småviltjakt		
	Innanbygdsbuande	Utanbygdsbuande
Dagskort	kr 125	kr 250
Vekeskort	kr 500	kr 1 000
Sesongkort	kr 1 000	kr 2 000
Smårovviltkort - sesong	kr 100	

Vedtaket er gjort med heimel i fjellova §§ 25 og 29.

UFS 10/20: Val av vararepresentant til styret i Fjellstyra på Hardangervidda as

Saksdokument:

- [Forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning \(berre som lenkje\)](#)
- 09-20 Oversikt over prisar og prisramme

Saksutgreiing:

Styret i FH as er samansett av alle fjellstyreleiarane i fjellstyra som er aksjonærar i selskapet. Fjellstyra sjølve vel vararepresentant. Fjellstyret må velje ein vararepresentant for inneverande periode.

**Framlegg til vedtak:**

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Det kom framlegg om å velja Hildegunn Espe som vararerepresentant til styret i Fjellstyra på Hardangervidda as. Styret slutta seg til dette.

Vedtak (sak UFS 10/20):

Ullensvang fjellstyre vel Hildegunn Espe som vararepresentant til styret i Fjellstyra på Hardangervidda as.

UFS 11/20: Søknad om tilskot til bok om Litlos**Saksdokument:**

- 11-20 DNT Oslo og Omegn - Søknad om støtte til bok om Litlos turisthytte
- 11-20 Hardanger Folkeblad – Artikkel om boka

Saksutgreiing:

Litlos turisthytte har vore i drift sidan 1922, og DNT Oslo og Omegn har planar om gje ut ei bok om turisthytta i samband med jubileet. Dei har søkt Ullensvang fjellstyre om støtte til boka. I søknaden skriv dei at dei vil fortelje historia om Litlos og om livet på denne delen av Hardangervidda. Boka vil omhandle bestyrarane, turforslag, planteliv, geologi, dyreliv, jakt og fiske. DNT Oslo og Omegn viser til at det er eit stort økonomisk løft å gi ut boka, som har ei førebels kostnadsramme på 200.000,-. Dei ber om støtte til prosjektet, og håpar på positiv respons. Bidragsytarar vil bli presentert i boka.

Søknaden blei handsama av Ullensvang fjellstyre i møte 4.11.2019. Fjellstyret stilte då spørsmålsteikn ved behovet for ekstern finansiering, og ba DNT Oslo og Omegn om å sende eit fullstendig budsjett for prosjektet før det blei teke stilling til søknaden.

DNT Oslo og Omegn sendte då fyljande budsjett:

Utgifter

Tekst/foto/redigering: 120 000

Design/tilrettelegging for trykk: 40 000



Trykk: 60 000

Markedsføring: 20 000

Totalt: 240 000

Finansiering

Boksalg: 100 000

Bidrag fra kommune, fjellstyrer, bedrifter: 100 000

Egenandel fra DNT Oslo og Omegn: 40 000

Dei opplyser om at dei i tillegg til Ullensvang fjellstyre har søkt nye Ullensvang kommune om stønad, men har ikkje fått tilsegn om støtte så langt.

Utsalstprisen er oppgitt til 250 kroner. Det er eit stort sprik mellom forventta inntekt frå boksal i budsjettet (100 000,-) og den oppgitte utsalstprisen (250,-) ganger opplag (1000). På spørsmål om dette gir søkjar tilbakemelding om at bokhandlarane skal ha 35 prosent rabatt på utsalstpris, og at det i tillegg må reknast med at ein del bøker blir gitt vekk til intervjuobjekt og bidragsytarar.

Heimelen for å løyve midlar frå fjellkassa ligg i fjellova § 11:

«Er overskotet større enn det som trengst til tiltak innan allmenningen, kan det av det overskytande løyvast midlar til føremål som tek sikte på å styrkje næringsgrunnlaget i dei bygdene som har rett til allmenningsbruk. Med samtykke frå departementet kan det òg løyvast midlar til allmenntytige føremål i desse bygdene.»

Eit eventuelt bidrag til ei bok om Litlos turisthytte kan slik sekretær ser det ikkje reknast som eit ålmennyttig føremål, og det må i tilfelle løyvast midlar på grunnlag av at utgiving av boka har «*føremål som tek sikte på å styrkje næringsgrunnlaget i dei bygdene som har rett til allmenningsbruk*». DNT Oslo og Omegn er ikkje ei lokal bedrift. Samtidig har drifta av turisthytta ei lokal tilknytning, men sekretær er usikker på om dette er tilstrekkeleg til å konkludere med at utgiving av ei slik bok kan reknast som eit tiltak som styrkjar lokalt næringsgrunnlag. Fjellstyret må vurdere om dei meiner utgiving av boka er eit føremål som tek sikte på styrkje næringsgrunnlaget i dei bygdene som har rett til allmenningsbruk, og deretter om fjellstyret ynskjer å gi eit bidrag til dette føremålet.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Det var semje om å løyva 5.000,- til tiltaket.



Vedtak (sak UFS 11/20):

Ullensvang fjellstyre løyver 5.000,- til tiltaket. Vedtaket er gjort med heimel i fjellova § 11. Samrøystes vedteke.

UFS 12/20: Budsjett 2020

Saksdokument:

- 12-20 Framlegg til budsjett 2020

Saksutgreiing:

Framlegg til budsjettet er laga med bakgrunn i rekneskapstala for dei tre fjellstyra i 2019, og forventa inntekter og utgifter i 2020. Villreinjakta er den største inntektskjelda. Budsjettet er sett opp med utgangspunkt i ei kvote på 3000 dyr, men det er svært usikkert kor stor kvota blir i år.

Gåver/tilskot er sett opp med dei summane som fjellstyret har fått tilsegn om, samt forventa tilsegn på spelemidlar for uthuset ved Bjørnavassbu.

Utstyr hytter: I framlegg til budsjett er det lagt opp til innkjøp av dab-radioar til Ullsbu, naustet og Raudåna (2 stk) – til ein kostnad på 5.000,-. Dei siste åra har det vore til dels høge utgifter til utstyr til hyttene. Behovet for utstyr til hyttene bør vere lågare no, men supplering av reinhaldsartiklar, røykvarslerbatteri, gasslange mm utgjør fort 5.000,-. Total ramme på 15.000,- tek høgde for noko uføresett.

Posten for vedlikehald/drift hytter er høg, grunna at det er teke høgde for ein stengerunde med helikopter, og at utgiftene til dugnadsarbeid er lagt inn her. Det er elles teke høgde for materialutgifter til skifte av dør på hytta ved Holmavatnet, reparasjon av dør på Persbu og innkjøp av maling til Langavassbu.

Det er sett opp ei utgift til helikoptertransport i samband med eit eventuelt prøvefiske til sommaren. Det er no fleire år sidan det sist blei gjort prøvefiske på Ullensvang statsallmenning, og sekretær ynskjer å legge opp til jamlege prøvefiske dei neste åra. Dette blir teke opp i samband med revisjon av driftsplan for fiske på Ullensvang statsallmenning på eit seinare møte.

Av investeringar er det ført opp 5.000,- til innkjøp av material til å fullføre arbeidet med doen på Hansbu, 175.000,- til uthuset ved Bjørnavassbu og 20.000,- til innkjøp av ein ny båt. Båten ved Persbu er svært tung, og sidan han ligg på ei høgd ved vatnet er det vanskeleg for to mann (umogleg for ein) å legge han på plass. Fjellstyret kan vurdere om han skal bytast ut med ein aluminiumsbåt.

Det blir foreslått å kjøpe inn finmaska garn (2 stk. per hytte) til å ha på Belebu, Raudåna, Persbu, Bjørnavassbu og Naustet. Dette vil gjere det enklare for dei som bur på hyttene å gjere ein jobb med tynningsfiske samtidig som dei fiskar til eige bruk. Det er og tenkt kjøpt inn fire garn til utlån til Litlos turisthytte. Til saman 14 garn, til ein kostnad på i underkant av 5.000,-.

Framlegg til vedtak:



Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Framlegg til budsjett blei diskutert. Det var semje om å gjere fyljande endringar:

Aviser, tidsskrift, bøker o.l.: 25.000,-

Auka utstyr hytter med 10.000.

Innkjøp av påhengsmotor: 10000,-

Innkjøp av «vanlege» garn: 5.000,-

I tillegg er det lagt inn 5.000,- under tilskot til næringsverksemd i bygd m/allm. rett, jf. vedtak i sak UFS 11/20.

Vedtak (sak UFS 12/20):

Framlegg til budsjett blei vedteke med endringane som kom fram på møtet.

UFS 13/20: Møteplan 2020

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Sekretær tilrår fyljande møtedatoar:

Måndag 30. mars

Måndag 4. mai

Måndag 26. oktober

Ein grovplan for saksliste til møta er som fylgjer:

Måndag 30. mars:



- Orienteringar
- Formalitetar rundt endring av fjellstyrestruktur
- Rypejakta 2020
- Elgjakta 2020-2021
- Hytteutleige
 - Utleigeordning
 - Prisar
- Villreinjakta 2020
 - Tildeling
 - Prisar
 - Ordningar for jakta

Måndag 4. mai:

- Orienteringar
- Gjennomgang av avtale om beiteleige med Skjold Beitelag
- Fjellhelga
- Driftsplan for fisket i Ullensvang statsallmenning

Måndag 26. oktober:

- Orientering om økonomi
- Oppsummering av sesongen
- Prisar 2021
 - Jaktkort
 - Fiskekort
 - Hytteutleige
- Plan for 2021
 - Hyttetilsyn, byggeprosjekt mm

Framlegg til vedtak:

Møtedatoar 2020:

Måndag 30. mars

Måndag 4. mai

Måndag 26. oktober

Referat:



Semje om å legge opp til møte i vekene som er foreslått, men endre møtedag til tysdag.

Vedtak (sak UFS 13/20):

Fjellstyret legg opp til fyljande møtedatoar i 2020:

Tysdag 31. mars

Tysdag 5. mai

Tysdag 27. oktober

UFS 14/20: Eventuelt

Sekretær lagar til ei oversikt over tal på innanbygdsbuande søkjarar om reinskort for dei siste åra til neste møte.